FISKARLAGET VEST

**og Fiskarlagets Servicekontor as, avd. Vest**

Bergen, 22.03.2018

Vår ref. 281 /18/BSI/5.7.1.0

Dykkar ref.

Fiskeridirektoratet region Vest (ref. 18/3248)
v/ Britt Støylen

Fylkesmannen i Hordaland

e-mail

**RADØY, VALDERSNESET – SØKNAD OM AVLØP 14/53.**

Viser til brev av 02.03.18, med vedlegg, frå Fiskeridirektoratet region Vest vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

Ein vil peike på at det ifølgje brevet brå Bergen Havn, 20.02.2018 står « ...utleggelse av en 30 meters lang vannledning...som stopper i sjø...» medan det på kartet stempla av Hjelmås VVS as står «Utslipp frå slamavskiller».

Ifølgje Fiskeridirektoratet sin kartdatabase er det registrert gytefelt, og område for aktiv reiskap lenger ute, i tilknyting til omsøkte utsleppsområde.

Ein vil gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav.
Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.

*Adresse:*
Slottsgt. 3
N-5003 BERGEN

*Telefon:* 55 55 39 80
*Telefax:* 55 55 39 88
*e-mail:* *vest@fiskarlaget.no*

*Bankkto:* 6511.05.05331
*Org.nr:* NO 938 613 109
Org.nr: NO 984 152 094 MVA

Fiskarlaget Vest finn ikkje å gå i mot sjølve utsleppsleidninga, men det må nyttast fester for leidninga som ikkje fiskereiskap heftar i.

Fiskarane fråskriv seg òg alt ansvar for skade på leidningen om ein under fiske skulle vere uheldig å setje seg fast i leidningen. Fiskarane må få erstatta eventuell skade på fiskereiskap.

Når det gjeld vurdering av forureininga må rette styresmakt sjå eit større område under eitt, og ikkje kvar einskild sak for seg.
Ein føreset at utsleppet er tilstrekkeleg reinsa.

Fiskarlaget Vest har ikkje merknader utover ovannemnde.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebø

Britt Sæle Instebø

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag
Radøy kommune

**Soltveit 14/53** **15.08.2016**




**Målestokk: 1:500**


FISKERIDIREKTORATET
Reset
Søreholmen
Sanden
Austreneset
Hageskjeret
Djuvika
Nordre Vallersvåg
Nøstnesdalen
Kjennestolen
Ping
Skarpneset
Litleneset
Brokeløysa
Øykåsdalen
Vallersneset
Mortevågen
Vallersneset
Søre Vallersvågen
Skjelvik
Skjelvik
Lindåsmyrane
+ N60.69870, Ø5.02004
Fiskeridirektoratet og ND-parter